


NAMN:
KLASSE:LÅG MIDDELS HØG SPRÅK LESE SKRIVE MUNNLEG

Korleis set ein opp **punkt i ein tekst**? Sjå på reglane og **skriv dømme!**



Framhald av innleiingsteksten

I dømet under ser du at kvart punkt er eit framhald av innleiingsteksten. Punkta er ikkje heilsetningar, og då skal det første ordet i kvart punkt ha liten forbokstav – dersom det ikkje er ord som elles skal skrivast med stor forbokstav.

Døme:

På fjellturen skal du ta med deg

Når innleiingssetninga er ei heilsetning

I dette dømet er innleiingssetninga ei heilsetning, og denne avsluttar vi med kolon. Du kan velje om det skal vere punktum etter kvart siffer i punktmarkørane.

Døme:

I delprøve A skal du svare på desse oppgåvene:

Ved forteljande heilsetningar

Innleiingssetninga under er ei heilsetning. Alle punkta er forteljande heilsetningar. Derfor skal det vere punktum etter kvar heilsetning og stor forbokstav i første ordet av kvar slik setning.

Døme:

Konsekvensane av uvêret var store:

Behov for å vise til eitt eller fleire punkt

Når du i ein tekst har behov for å vise til eitt eller fleire punkt i ei punktliste, er det praktisk å bruke bokstavar eller siffer som punktmarkørar i lista.

Døme:

Når du bakar brød, kan du bruke denne framgangsmåten:

To nivå i punktlista

Underpunkta bør ha innrykk. Alle punkt som er på same nivå, skal ha likt innrykk.

Døme: